

Notat

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Arkivkode Q04	Arkivsaknr. 21/1922-2	Løpenr. 10811/21	Dato 21.04.2021
-------------------------	---------------------------------	----------------------------	---------------------------

Skisse til løysing for sommarjobb for ungdom

I formannskapet 17. mars stilte representanten Asperanden Navarsete spørsmål om korleis Sogndal kommune kan bidra til at ungdom i alderen 15-18 år kan skaffe seg sommarjobb.

Rådmannen har sett på moglege løysingar for å tilby sommarjobb for ungdom i samsvar spørsmålet i formannskapet. I dette arbeidet har ein lagt fylgjande til grunn:

- ei løysing som gjev moglegheit til jobb for flest moglege
- enkel og brukarvenleg grensesnitt
- trygghet for både oppdragsgjevar og arbeidstakar
- ta i vare gjeldande lov- og regelverk knytt til arbeidstakar sine rettigheter, skatt, forsikring, GDPR mm.

Det har i prosessen vore dialog med fleire leverandørar av løysingar som finst i markanden i dag, men ingen av desse svarar til utfordringa vår. Det har difor vore gjennomført møte med MetaIT, ei lokal IT-verksemd med kontor i gründersenteret på Campus, for å sjå på moglegheita for å bygge ei skreddarsydd løysing. Dette er praktisk og teknisk moglege å ha på plass til sommaren, men krev vidare avklaringar knytt til innkjøpsprosess, eigarskap og driftsmodell. Løysinga kan enkelt beskrivast som ein «AirBnB» for småjobbar, der brukarar kan registrere seg enten som oppdragsgjevarar eller arbeidstakarar. Det vert vidare lagt til grunn å bruke ungdommar i sommarjobb til å drifte løysinga, og vere brukarhjelp for dei som ynskjer å ta den i bruk.

Undervegs i arbeidet er det òg blitt tydeleg at ei slik løysing vil kunne ha potensiale for å løyse fleire viktige utfordringar for og i Sogndal kommune, som vil kunne ha overføringsverdi for fleire:

- menneske som står utanfor arbeidslivet, og som ynskjer å prøve mindre engasjement utan vidare forpliktingar (potensielt samarbeid med NAV)
- flyktningar og innvandrar som av ulike årsaker ikkje får ordinær jobb, men som har nyttig realkompetanse som ein ynskjer å bruke (potensielt samarbeid med Sogn for alle/flyktningstenesta)
- eldre og menneske med nedsett funksjonsevne som treng hjelp, og frivillige som ynskjer å hjelpe (potensielt samarbeid med frivilligsentral)

Rådmannen vurderer prosjektet som spanande. Det vil kunne bygge opp under fleire viktige satsingar som alt er i gang, og samsvarar godt med digitaliseringsstrategi, strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling og utkastet til ny samfunnsplan. I tillegg vil det truleg kunne generere eksternfinansiering og samfinansiering frå andre.

Det er vanskeleg å gje eit nøyaktig kostnadsoverslag, men det vert per no jobba ut frå fylgjande oppsett:

Kostnad	Sum
Utvikling av teknisk løysing (tenestekjøp)	250.000,-
Mobilisere til bruk, driftshjelp (ungdom i lønna sommarjobb)	100.000,-
Driftskostnad, teknisk løysing (årleg kostnad)	42.000,-
Sum 2021	392.000,-

Finansiering	Sum
Sogndal kommune, budsjettjustering 1. tertial	150.000,-
Eksternfinansiering (tilskot mv.)	200.000,-
Samfinansiering med andre	42.000,-
Sum 2021	392.000,-

Dette notatet søker å gje eit så godt bilete som mogeleg av innhald og konsekvensar i ei slik løysing med bakgrunn i at rådmannen ønskjer tilbakemelding frå formannskapet på om ein skal arbeide vidare med dette med tanke på ei politisk sak i juni.